


i u-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag

02/06



Stavtjørnweekend 06



Samhald

Leiar

Av: Øystein Bergøy

I det siste har ungdomslaget vore litt i sjokk over vår kjære stikk innom-leiar sin bortgang. Håvard var ein så grei og positiv gut at me har vanskeleg for å forstå kvifor dette skjedde. Det me sit igjen med etter Håvard er eit tomrom etter ein personlegheit eg ikkje kan sjå for meg at nokon kan fylla. Sjølv om Håvard i det siste ikkje var så delaktig på Lauvsnes som han sikkert hadde ønskt, hadde han ein spesiell plass der.

Når slike ting skjer med eit så samansveisa miljø som ungdomslaget, får det ein til å tenkja. Eg tenkjer i alle fall på ungdomslaget og samhaldet me har på Lauvsnes. I gravferda til Håvard,

takka familien ungdomslaget for stønaden dei følte dei hadde fått derifrå. Det gjorde inntrykk på meg. Eg tykkjer det er flott at me kan ha det kjekt og herja på mykje på Lauvsnes, men at me også kan virka som fast støttepunkt for ungdom og deira familiar, er heilt fantastisk. Eg trur ikkje me som er aktive i ungdomslaget tenkjer nok over nettopp kor viktige me faktisk er for ungdomsmiljøet på øya. Eg veit ikkje om eg hadde hatt ei like sterk tru om det ikkje hadde vore for ungdomslaget. Difor trur eg det er viktig at me blir litt meir oppmerksame på viktigeita av arbeidet vårt. Dette vil kanskje gjera det meir motiverande å gjera ei innsats på Lauvsnes også?

Avslutningsvis vil eg takka for alt det flotte og stille arbeidet ungdomslaget har

gjort for meg og andre ungdommar på Finnøy. Eg er utruleg takksam for det. Samstundes vil eg gjera oppmerksom på kor viktig det er å fortsetja med arbeidet på Lauvsnes, og oppfordra folk til å engasjera seg i ungdomslaget t.d. gjennom bøn, bli med i styrer eller viktigast av alt: berre det å gå der i helgene.

Korleis ledar Gud oss?

Formannshelsing

Av: Kjell Morten Eggebø

Korleis ledar Gud oss?

Det er eit av 10 tema som me tar opp på Ungdomsalph. Det er eit svært aktuelt tema for oss alle, og kanskje spesielt for ungdom. Og for mange av oss så er spørsmålet like mykje *om Gud ledar oss*.

I månadane fram mot årsmøte i August så er det styra til hausten som står på programmet i hovudstyret, og då kunne eg tenkt meg at Gud kunne leda meg med å sende ein sms der der sto kven eg skulle spørje om å vere med. Det hadde jo òg vore ein grei måte for dei som vert spurt, for då hadde dei visst at Gud ville bruke akkurat dei til å vere med å drive ungdomslaget på Finnøy.

Men slik er det altså ikkje, og sjølv om me veit at Gud lede oss så kan det ofte vere vanskeleg å forstå kvar han ledar oss hen. Derfor trur eg det er svært viktig at me alle hugsar på dette i bønn, og ber om at Gud må kalle på dei han vil at skal vere med i styre og stell. For min del så flyttar eg til Stavanger til sommaren, og utanom studie så trur eg at mi hovudoppgåve til hausten blir å vere med å drive Ungdomsalph, og at eg skal ha ei mindre oppgåve i ungdomslaget. Då blir jo det store spørsmålet kven som skal vere leiar i hovudstyret til hausten, men det blir opp til vår allmektige Far å bestemme.

Til slutt ei utfordring til deg som lurar på om du kanskje skulle vore med og drive ungdomslag til hausten: då er det berre å ta kontakt, for det er mange oppgåver. Kanskje vil du vere med i hovudstyret

og ha ansvar for laurdagsarrangement og weekendar og slikt, eller stikk innom styret å ha ansvar for nokre stikk innom kveldar? Eller så kan du vere med å lage iulage avisa, eller vere med å ha ansvar for nettsida iulage.no. Det blir og ungdomsalph til hausten som sagt, og der og er det bruk for leदार. Be Gud om å vise på kva måte han vil bruke deg i sitt arbeid, og hugs at desto meir me gir vårt liv til Gud desto meir blir me slik han skapte oss for å vere.

Jesus' siste ord slik Markus fortel:

Han sa til dei: "Gå ut i all verda og forkynn evangeliet for alle som Gud har skapt!"

Markus kap 16 vers 15

Ka e kiloprisen din?

Andakt

Av: Marie Lunde

Kor møyje e du verdt? Eg har tenkt litt på dette. På verdien av et menneske. For eksempel, e eg, som e ett menneske, mindre verdt enn det to te samen e? Går de ann å legga samen verdien på menneskene? Det e vertfall ofta sånn at det e bedre å redda ein heile by å at et menneske dør, enn å redda et menneske å at ein heile by dør. Men eg lure nå aligavel eg. I Jesaja 43, 1-4 står det skreve:

Og no, så seier Herren, han som skapte deg, Jakob, og laga deg Israel: Ver ikkje redd! Eg har løyst deg ut og kalla deg ved namn, du er min. Går du gjennom

vatn er eg med deg, gjennom elvar, skal dei ikkje riva deg bort. Går du gjennom eld, skal du ikkje svi deg, og logen skal ikkje brenna deg. For eg er Herren din Gud, Israels Heilage, din frelsar. Eg gjev Egypt til løysepeng for deg, Nubia og Seba i staden for deg. Fordi du er dyr i mine augo, høgt akta og elska av meg, gjev eg menneske i staden for deg, folkeslag for ditt liv.

Fordi du er dyr i mine augo, høgt akta og elska av meg, gjev eg menneske i staden for deg, folkeslag for ditt liv.

Dette e kanskje den finaste setningen eg vett om. Te nå. Rektignok e det skreve te israelsfolket, men eg trur det må bety

någe sånn så at Gud e så glae i deg å meg at heile byar kan dø, bare for at deg å meg ska bli redda. Så rart, å litt feigt. Det bryde vertfall me vanlig reknemåde. Men eg trur det seie litt om kor møyje me faktisk e verdt. Avslutte me Joh 3, 16:

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Te minne om Håvard

Av: Lena Mjølunes

Håvard. Tenk at nå e du kje lenger her sjå oss. Takk for den tiå me fekk samen me deg! Det e kje enkelt å forstå at det va dette du ville – men så ska me heller ikkje forstå alt.

Du va så levandes i alt du foretok deg. - Va du i nærheten så hørte me det.

Du va underholdande, vittige og humoristiske. Samtidig va du ein venn så konne lytta å forstå. Oppgaven som formann i Stikk-Innom styre utførte du med stil. Måden du va på gjorde styremødene festlige, innholdsrike & effektive. Blei me kje enige så skar du bestemt igjønå å sette dagsorden. Blei det kjedelig så sette du fram någe knask og fortelde ein merr eller mindre goe vits.

Evnen din te å trøsta og oppmuntra e egenskapar me satte pris på at du hadde. Ein goe klem eller fira va aldri for møyje



Håvard va leiar i styret for Stikk Innom i lag me Arna. Her ser du Håvard leda sist stikk innom-fest, Romantisk aften 25 februar i år.

forlangt, for du delte di ud i fleng. Du va allti spandabel, å konne du hjelpa te me någe så va du kje vanskelige. Utfordringar tog du på strage arm. "Konfransier te Stikk Innom-festen? Eg tar det!" Så leda du kvellen me et stort glis.

"Andakt seie dåkk?" Eg tar an eg!". Så sang du gjedna ein sang mens du fyssta va i gang.

Me har mången sånne goe minner om deg, å dei bler det godt å ha.

Takk for at du va ein sånnein flotte venn! Me lyse fred øve minnet ditt Håvard.

Ikke før veven har stilnet og skyttelen sluttet å slå skal Gud trekke teppet til side og virkelig la oss forstå at også de mørke tråder, så vel som de gygne bånd var helt nødvendig for mønsteret fra Vår Herres allmektige hånd.

Kongekveld

11. Februar

Av: Jakob Steinnes

Kongekvelden starta med historias fyrste tale frå kong Madland "den lange". Noko som blei gjennomført i skikkeleg kongeleg bekledning og med sløve tonar.

Rett etterpå, i ca halv ti tida, fekk Tor Øyvind ordet. Han hadde ein andakt som var kongekvelden verdig. Etterpå følgde ei fantastisk underhaldning, som Odd og Ole stod for. Dei hadde kongen befalar og kongequiz, Før kveldens høgdepunkt braka laus. Høgdepunktet var nemleg eit improvisasjonsskodespel som Odd og Ole stod for. Her tok dei utgangspunkt i kongefamilien og noko som kunne minne om ei kjærleikshistorie mellom Ari og Mette Marit, men historia enda tilslutt på Finnøy med lokale folk i hovudrollene. Dette var rett og slett ein kongekveld!



Kong Madland den lange tar seg ti t å helsa på proletaret



Hofflakei Kennethicus von Falkeid og hofftøs Endreda de Flejså sto for pauseunderholdningå

Romantisk aften


25. Februar



Sorry jenter, denne kjekkasen e opptatt. Kem kan vel unngå å misunna Marianne når Kjelli frekke seg t slig?



Kristoffer har allti me seg Liv Elise i bere-meis kor enn an går.



2 x Eggebø. Søtt antrukke me matchande hjerter.

Ðål- og akekveld

4. mars

Av: Marianne Ildstad

Di aller fleste ville nok kalt oss spinngalne som valgte å ver ute denna kalde vårkvelden tidlig i mars, men någen gufsne minusgrader stoppe ikkje oss vikingar!



Terje: Gjer alt på hoppkanten, men ser ikkje heilt ud t å få skiå me seg. Før t ein dårlige flyd ner bakken og lande med fall på kulen. H ar ligavel heilt klart imponerande hoppeteknikk: 16 i stil

Å dei som holdt seg heima, ja dei kan angra dei, for på Berge va der fullt liv denna vakre kvelden! Bortimot 40 mann va godt innpakka i ullkler, skibukser, huer, skjerf, vottar og den slags, leke-lystne og i sprudlande godt humør. Og



Sofa itte traktor; Joar va seint ude og måtte ta t takke me økonomiklasse



akebakken i Berge alpintanlegg va på sitt maksimum med et glimrande føre, så her gjekk det unna i susande fart! Faktisk så fort at det for enkelte blei problemer med å få stoppa akefartøyet sitt, någe som endte med gjerde-krasj opp te fleire gonger. Men dei fleste kom unna det uten skader og gjerdet e fortsatt lika



Vangen: V-stil breiare enn egoe t ein bergensar. Skreve hans kunne vel ønskt at d ikkje óg beskrev d påfølgande nedslaget. Manglande høgde, men elles langt øve godkjent: 17,5 i stil

heilt det. Lenger nere i bakken brant så vakkert et bål og ga goe varme te kalde føtter og blaude kler itte knall og fall i snøen. Å underholdning mangla det ikkje på for båljengen: ved å snu seg å ta ein raske kikk oppøve den flombelyste bakken va ein helste garanterte ein goe latter. For blant ungdommane denna kvelden va kreativiteten på sitt besta! Rennande ner bakken kom der nemlig



"Oppover her, og bortover schlik", sa Snikker Andersen

litt av kvart: sofaer med ski, traktorhjul og heimasnikra akefartøy, i tillegg te tradisjonelle akebrett, "ufoar", søppelposar, kjelkar, miniski og klumsete skihopperar. Ja for hopp va der og lagt te for dei som trong ein ekstra utfordring. Så om ein ikkje blei varme nok av flamma- ne frå bålet, så blei ein fort det når latter- bølga slo te!



Epling: spennane tyngdepunkt. Go V-stil og bra svev (kanskje takka vere imponerande flaksing med hennene?). Et tryn og fem i bakken trekke ligavel ner: 17 i stil.

Konsert

11. mars

Av: Hanna Nordbø

Denne laurdagen var det konsert i Hesby kyrkje. Gunhild og Manghild hadde tatt med seg venner frå Stafeldsgt. i Oslo. Grappa kalla seg Collect Alls. Medlemmene var som følger: Manghild og May Kristin Kaspersen på vokal, Øystein D Haare på tangentar, Pål Berg på slagverk, Kjetil L. Hammersmark Olsen på bass og Gunhild spela fiolin.

Konserten byrja klokka åtte. Sjølv var eg på plass allereie halv åtte, for å ta i mot inngangspengar. Det tok ikkje så veldig lang tid før folk byrja å komma. Når dei først kom var dei mange. Eg fekk litt problem med billettsalet og fekk hjelp av Maria. Kwart over åtte lista me oss opp på galleriet, klare for ein strålende kon-

sert. Dei hadde allereie byrja å spele sin første song då me sette oss ned. Det var heilt utruleg nydeleg å høyre på. Forventningane hadde vore høge på forhand, og dei blei utan tvil innfridd. Manghild og May Kristin song flott, både solo og duett. Mange hadde store auge då Kjetil imponerande tok ein solo av "Amazing Grace" på bassen sin. Eg hadde aldri trudd ein kunne få fram så mykje musikk av ein bass aleine. Etter ei stund fekk alle vera me å synga "Deg være ære". Kanskje var det for å forhindra at nokon sovna, kanskje var det for å gje alle kjensla av å delta, eller kanskje var det rett og slett for å få oss til og reisa oss? Uansett var det eit kjekt innslag (og eg kom i paskestemming!).

Framføringa av salmen "Folkefrelsar, til oss kom" var nok den mest originale gjennom heile kvelden. Denne salmen

blei nemleg framført i mange musikkjangrar før dei til slutt enda opp med country stilen. Først fekk me ein smakebit av korleis han mest sannsynleg blei sunge på 1100-talet, så i barokkstil, gospelsong og til slutt altså country stil. Eg kan ikkje seia anna enn: Fantastisk folkens! Eg håpar dykk kjem til å ha fleire konsertar for oss ☺, og det skulle ikkje forundre meg om endå fleire kom for å høyre på.

Eg vil avslutta med eit par ord Manghild sa under konserten. Nokre gonger kjennes livet vanskelegare enn andre gonger. Problem kan dukka opp der me minst ventar det. Men sjølv når gode ting me trudde ville vara evig forsvinn, så er Gud konstant. Gud er!

Stavtjørnweekend

24.-26. mars

Stavtjørnweekend 2006 var prega av dårleg føre i trekket, teikning og matkasting på dei sovande, tunnelvandring med mentalt sjuke framande (lokale hadde faktisk gøymt seg i tunnelen med svære hattar, bunadsko og ein leikesau i naturleg storleik.) og gode samlingsstunder (som vanleg).

Her får de nokre bilete frå Stavtjørnweekend.



Jenter sjå på dette her. Har dåkk sitt meir desperate forsøg på oppmerksomhet? Teit? Ja, d har dåkk rett i, men me kan sje bere. Dette dåkk ser her e di beste og mest kreative tingå me gjer for å vinna dåkkars oppmerksomhet. Trykka ting i fjese dåkkars og brolta oss på golve. Me vett jo d ikkje funnke, men me gjer d ligavel. Patetisk? Så klart! Men me e egentlig normale, d e bare når me sga tiltrekka oss oppmerksomhed me blersteinalderfolk. Trur dåkke for eksempel Roger lige å fikla me rauå t Endre (oppe t høgre)? Sjølsagt ikkje, men han kan sje hjelpa for d. Dette e desperasjon i praksis. Så jenter, vær så snill ... Redd oss!



Bjørnar Joakimsen vise oss stolt ein av yndlingsfingrane sine.



Lagergutten og rosemalaren styrkte samholde sitt og brukte møyje ti på å kritisera listearbeie på Stavtjørn.



Den va nye Idunn: blåsa opp kjegane! Kor tar du d frå? Sinnsjukt bra!

Kommande arrangement

Fredag 14.april
Langfredagssamling

Lørdag 15.april
Konsert på Lauvsnes

Søndag 16.april
Påskefrukost

Mandag 17.april
Open Hall på Vikingkamp!


Laminatkveld

1. april

Av: Ole Andreas Sivertsen og Jakob Steinnes

På grunn av dårlig golv i andre etasje på lausnes, er det bestemt at det skal leggest laminat. For å finansiera dette arrangerte Kjell Morten og Kristoffer laminatkveld.

Dørene åbna klokka hall 9 og Arne Madland sto for andakten. Under heile kvelden var d mulighet t å kjøba: kaker, pizza og diverse kioskvarer, og siden isbilen isje hadde kveltra så måtte me betala for isen. Ca klokka hall 10 bjynnte konkurransen om påskeegget. Fysst blei me delt inn i 2 lag og for å vinna påskeegget så måtte me gjennom fleire utfordringar. For eksempel legging av laminatgolv, quiz og stolleken. For å vinna påskeegget så måtte ein ha god lag innsats, men ein kunne også sankta indi-



viduelle poeng. Heilt til slutt var d mulighet for å kjøba t seg poeng, for 1 krona stk, som selvfølgelig gjekk t finansiering av laminatgolvet.

Kveldens store vinnar vart kanskje isje så uventa; Leif Helge JR, som kjøpte t seg poeng for 200++ noko som kanskje kom litt overaskandes sidan d isje e gratis å kjöra BMW. Inni påskeegget skulde d seg ein laminatbit der d sto: "Aprilsnarr". Surt, men alt i alt så va d ein godt gjennomtenkt kveld me møyje lått å løye!

Ole Andreas Filibommelom

BildeFortelling



Ole Andreas Filibommelom er ein gut som likar mat. Han pleidde ofte å bada i kjøtfrysaren. Spesielt godt likte han å gøyma vekk dei kjøtdeigane han tytte hadde finast omslag, og gjerne dei som hadde litt blod rundt. Han fekk etterkvart ei dugeleg samling der i frysaren sin. Der var det til og med årgangar frå seint nittital.

Ein dag medan han leika blei han svolten, og han tog seg eit par pakkar frå rundt årtusenskiftet ein gong...



... Då han til dessert leika seg blant isane, kjende han ei merkeleg kjensle. "Kva er dette?" undra Ole Andreas Filibommelom seg. "Det kjennest nett som om nokon bles nedover inni magen min. Hihi." Ole Andreas Filibommelom måtte le litt då det bobla og kitla nedover tarmsystemet hans. Men då Ole Andreas skulle klemma ut det han trudde var ein fjert, fekk han seg ei ubehageleg overaskelse, og sette opp eit stygt fjes. Dette var då ingen fjert?...



...Ole Andreas Filibommelom spratt opp av frysaren, børsta av seg is og sette ny pers i 60 meteren då han sprang mot do. Han reiv opp døra på doen og sette seg ned på skåla. Ikkje hadde han tid til å trekke bukse ned, så han tok godt tak med begge hender og reiv eit hol i bukse si. Han måtte halda seg i veggen for det kjendest ut som om nokon sat med høgtrykkspylar og freste for fullt i munnstykket av fordøyingsystemet hans.

Då han etterkvart blei ferdig, oppdaga han til si forferding at han ikkje hadde meir dopapir igjen. ...



..."Fadderullan! Eg skulle ikkje brukt alt til turban!" tenkte Ole Andreas Filibommelom. Han såg seg rundt etter noko anna papir, men han kunne ikkje finna noko.

Men det ordna seg til slutt. Oppfinnsam som han var, kunne Ole Andreas Filibommelom gjera nytte av den merkelige kosten med litt for harde bustar. Den passa perfekt i holet i bukse. Sidan det han hadde produsert var såpass flytande, var reingjeringa enkel (men ein aldri så liten tanke sår). Stolt av eigen oppfinnsamd, tok Ole Andreas Filibommelom med seg kosten og sprang for å visa han til mor."

Kopiert hjå:



BYGGMAKKER Ladstein Fordi det lønner seg!



NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!